

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

ELDREDAGEN 1.10.21

Det er ei gleda igjen å kunne invitere til feiring av eldredagen.



Gudsteneste i Austrheim Kyrkje kl 15.00.
Samankomst på Samfunnshuset kl 16.00.
Pris pr person kr 300.

Bindande påmelding: tlf 56 16 20 00 (kommunen)
innan 15. september.

Meld frå om du treng skyss, gjerne også om du har
noko form for matallergi.

VELKOMMEN
Austrheim eldreråd

Vi må ta atterhald om endring i smittevernreglane og mange nok
påmelde.

Kyrkjebakken nr 06 – 2021 – Augustnummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 16.sept

UTEGUDSTENESTE Årvikane



KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefttid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjeterar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside,
facebook og plakat for
eventuelle endringar.

12. september kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde.
Presentasjon av nye konfirmantar.

12. september kl 13.00
Dåpsgudsteneste

17-19. september
Den store barnehelga. Sjå eiga annonse.

19. september kl. 11.00
Barnas festgudsteneste

1. oktober kl 15.00
Eldregudsteneste

03. oktober kl. 11.00.
Gudsteneste ved Rune Minde

03. oktober kl. 13.00
Dåpsgudsteneste

24. oktober kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde

24. oktober kl. 13.00
Gudsteneste med
50- og 51- årskonfirmantar



Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

Talentlaust?

Det hender av og til at nokon utbryt:
"Det der var jo heilt talentlaust!"

Meininga er vel då at nokon har gjort eller sagt noko dumt eller upassande el.l. Og bakgrunnen for dette munnhellet finn vi i ei av dei kjende illustrasjonsforteljingane me har frå Jesus, eller likningane, som dei og blir kalla. Det er likninga om dei som fekk utdelt nokre talentar, i litt ulik mengde, for å gjera bruk av dei, eller forvalta dei, om ein vil bruka det uttrykket.



Vi er i starten av eit nytt semester og eit nytt arbeidsår i kyrkje og samfunn. Og vi har nok ikkje treft spikaren heilt på hovudet når vi har gjort om poenget i likninga til vårt bruk i dette munnhellet. For målet for Jesus var ikkje å döma nokon som prøvde seg på noko, men det motsatte: Han oppmodar kvar einaste av oss til å gjera noko ut av det me har fått tildelt av ressursar og eigenskapar. Dette er noko som vil gjera livet meir meiningsfullt og godt!

Gud ventar ikkje det urimelege av oss. Å feila er ikkje det verste, men å vera passiv og ikkje våga å ha tru på seg sjølv.

For Han veit om korleis vi er skapte, kva som er våre sterke og vår svake sider.

Nokre av oss synest også å vera utrusta med nokre ekstra porsjonar "guts" og energi. Poenget for Gud er ikkje å måla i kvantum kva vi har utretta i livet, men at vi frimodig og glade vågar å læra oss sjølvé å kjenna, og satsar på at det vi har er av stor verdi for Gud. Og det er Gud som skal måla det vi har gjort, og han både veit kven vi er, og han ser til hjarta.

For vi skal leggja merke til at alle dei som satsa på å bruка av det dei hadde fått, dei opplevde at det vaks. Slik er lovene i Guds rike: *der er ingenting mislukka, ingen ting "talentlaust"*.

Me kan nok gjera ukloke handlingar, ja, til og med direkte feile ting. For vi er alle ufullkomne menneske, og synda si lov set sitt konkrete merke på oss alle. Likevel skal me få be denne bøna: *"lat kvar dag eg får leve vere ein dag i di teneste, nådige Herre"*. Den som ber denne bøna skal få eiga ei visse frå Gud om at Gud legg si velsigning til vår dag og vår gjerning.

Eg vil difor avslutta med den helsinga vi brukar i slutten av kvar gudsteneste: Gå i fred, og ten Herren med glede

Rune Minde

Min salme

Tormod Mosland



På loftet på Austrheim bedehus heldt ein flokk yngresfolk på å finne roen. Ofte noko ein berre må få sagt til venninna/kameraten før samlinga tek til. Då får heller leiaren stå og vente litt til alle er klare. Song er samlande og denne kvelden på loftet startar også med ein song. Snart er «*Rop det ut*» funne fram. Dei som ikkje kan songen utaboks, må ha noko å sjå etter. Denne dagen er det «*Jeg har en venn som har gitt sitt liv*» dei ungestrupane gir lyd til.

Ja , slik var det ofte på bedehusloftet på 70- og 80 -talet. Men om songen har stilnader, vert denne songen framleis nytta mange stader der folk samlar seg i Jesu namn.

«*Jeg har en venn*». Flott å ha ein ven.

Ein god ven kan lette mang ei bør og lindre mang ei smerte. Songen vi har for oss i dag fortel om Jesus. Han vil også vere ei slik ven.

I mange kristne songar, både for barn og vaksne, syng ein om Jesus som ven. Det er eit flott bilet på noko trufast, noko som held i storm og stille, noko å leve på. I songen vår får forfattaren klart vist kvifor Jesus både vil og kan vere vår ven. I andre verset skriv han «*Har Gud en frelsende tanke: Til jorden sender han Jesus som tar på seg både min skyld og dom...*»

Ein slik ven er ikkje å forakte. Ein slik kjærleik er ikkje lett å lukke auga for - om ein ser ein er skuldig. Tenk han vil ta på seg heile vår skuld – bytte synd med nåde.

I brevet til romarane seier Paulus det slik i det femte kapittel «Knapt nok vil nokon gå i døden for ein rettferdig mann – endå det kan vel henda at nokon vågar livet for ein som er god. Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndrar.»

Songen er skrive til eit ungdomskor, av ein ungdom på 22 år, i 1971. Ein kan merke gløden og gleda over å få bytte synd med nåde. «Tenk.....»

Og om songen opprinnleig var retta mot dei unge, er innhaldet like aktuelt for oss alle, til alle tider. Vi treng alle ein slik ven, i liv og i død.

I Norsk salmebok finn vi songen på nr.359. Der er den plassert under emnet «Jesus, Frelsaren vår». Det kunne ikkje passa betre. Det er jo det forfattar Vidar Kristensen vil fortelje oss om, Jesus Frelsaren.

Tormod Mosland

KONFIRMANT
2022

Hugs påmelding til konfirmant 2022!

Påmelding via
www.austrheimkyrkja.no
(under fanen - konfirmasjon -)

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL OPNAR FOR PUBLIKUM FRÅ OG MED TORSDAG 26. AUGUST.

Filialen vil vera open for
publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider
følgjer elles skuleruta, og vil
vera stengt i skulen sine feriar.

**Følg med på Facebook eller
plakat for eventuelle
endringar grunna smittevern**



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
KL.08.30 - 15.00.
Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:
KL 08.30- 15.00
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



ELDREDAGEN

1.10.2021

Pr i dag ser det ut for at eldredagen skal gå som planlagt
Vi i eldrerådet håper at så mange som mulig melder seg på
og er med på at vi får en fin dag sammen
Som plakaten annet sted i KB viser får vi Rune Larsen med
følge på besøk denne dagen.

VEL MØTT!
Eldrerådet

Austrheim Pensjonistlag

MINNER OM TUR TIL HELLA SKULESTOVE ONSDAG 8. SEPTEMBER.

Det vert god raspeballmiddag, ord for dagen og song v/ vertskapet,
og litt orientering om aktiviteten i laget framover.

Som kjent har vi ikke hatt årsmøte i 2021.
Det gamle styret ser det som mest naturleg at vi utset årsmøtet til
februar 2022, men det må medlemene bestemme.

Det er ein del påmeldte til turen, men vi tek framleis i mot påmeldingar til anten
Solbjørg eller Oddlaug fram til 29. august. Hjartelig velkomne til å vere med.
Skyss kjem vi tilbake til når vi ser kor mange som blir med.

Helsing frå Styret.



Avslutningsfest

Sommarles

Me inviterer alle som har vore med på årets Sommarles
til avslutningsfest

på biblioteket
tysdag 31. august
kl. 18.00

underhaldning ● is ● premieutdeling



På grunn av stor deltagning må me ha påmelding til festen:

tlf: 56 16 20 07

e-post: bibliotek@austrheim.kommune.no



**Du beholder garantien
ved service hos oss**

**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service
kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.

Bosch Service **Fosnøy Bilsenter** **Mastrevik**

Tlf: 56 16 75 50

BoschCarService.no **For everything your car needs.**

Gravlagd

04.06 Inger Johanne Friborg f. 1940
08.06 Asbjørn Fredheim f. 1935
06.07 Oddrun Møyfrid Magnussen f. 1941 (bisett)
16.07 Hans Arne Hansen f. 1935
23.07 Arne Sanden f. 1960 (bisett)

Døypte

23.mai:
Tonje Pedersen Krakhella
Johan Marøy Arentsen

01.august:
Emmeli Kaarstad Lavik
Mathea Fanebust Kalvik
Ivar Hundvin-Ones

Hjertelig takk

til diakoninemnda for øppmerksomheten på min 85-årsdag.

Hilsen Gustav Johan Lunde

Hjerteleg takk

til diakoninemnda for søte fristelser i anledning 80-årsdagen.

Helsing Bernt Korsøen

Takk

for gaver og helsing på min 80-årsdag.
Et spesiell takk diakoninemnda for hjertesjokoladen og til Målfred som kom med den.

Helsing Einar Hopland

Mange takk

til Austheim diakoninemnd ved Britt for oppmerksomhet på min 82-årsdag.

Hilsen Kåre Nordby

Mange takk

for omtanke og blomsterhilsner ved vår kjære Inger Johanne Friborg sin bortgang. Takk også til Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Magnar med familie

Hjertelig takk

til diakoninemnda for gava eg fekk til 81-årsdagen min. Og takk til Tormod som kom med den og for den gode praten vi hadde.

Beste helsing Ole Lysø

Tusen takk

til diakoninemnda fpr helsinga eg fekk til 80-årsdagen min.

Helsing Svein Rebnord



Den store barnehelga 17.-19.sept

Bli med på pyjamasfest for 3-åringane
fredag 17. september kl. 17.30

Ta på deg din finaste pyjamas og ha med kosebamsen din.
Me skal syngje saman, du får høre forteljing frå Bibelen
og me skal ete kvelds saman.



Bli med på bollefest for 4-åringane
laurdag 18. september kl. 15.00.

Her skal me og syngje saman, utforske kyrkja og høre
bibelforteljing. Etterpå skal me kose oss med bollar og saft.

Søndag 19. september kl. 11.00 er alle invitert til
barnas festgudsteneste.

Her skal 3- og 4-åringane få utdelt kvar si bok

Påmelding til fredag og laurdag gjer du via epost post.
austrheim@kyrkja.no eller ringer kyrkjekontoret 56 16 72 90.

Sidan det ikkje vart pyjamasfest og bollefest i fjor kan 4-åringane
melde seg på pyjamasfest også.
Samt 5-åringane kan melde seg på bollefest.



Gudsteneste for alle

Veldig flinke medhjelparar var med og viste
forteljinga om mannen som bygde huset sitt
på fjell, og han som bygde det på sand.

Denne sommaren har vist at denne forteljinga
er meir aktuell enn nokon gong. Heldigvis var
det sol og sommar då me skulle ha kyrkjekaffi,
så me koste oss i solveggen utanfor kyrkja.

Særleg kjekt å kjenne på fellesskapet og det
sosiale igjen etter ei lang koronatid.

Eit viktig prinsipp i desse gudstenestene er
aktiv medverknad frå dei som er til stades.
Dette er noko me bør ta lærdom av inn i
øvrige gudstenester.



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutecatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no



Vatne
Begravelsesbyrå


GRAVELDERSGRUPPEN

Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.


Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Litt om situasjonen i Mali

Som del av den verdsvide kyrkja er Austrheim kyrkjelyd med å støtta eit misjonsprosjekt i Mali i Vest-Afrika. Misjonsarbeidet i Mali er eit samarbeid mellom kyrkjer frå Kamerun, Nigeria og Benin, og Det Norske Misjonsselskap og Frikyrkja frå Noreg. For tida jobbar fem misjonærerfamiliar frå Afrika i arbeidet som vert støtta av Austrheim kyrkjelyd.

Mali er eit land med ein lang og stolt historie. På 1300-talet var Mali ein av verdas største statar. Under kongen Mansa Musa var Mali kanskje verdas største gullprodusent. Då Mansa Musa kom til Kairo rundt år 1324 hadde han med seg ein karavane med så mykje gull at den internasjonale prisen på gull sakk. I dag er Mali kjent for sitt rike musikkliv, med artistar som for eksempel Amadou og Mariam som har opptrødd på Nobel-konserten i Noreg.

Maliarar flest er stolte av landet sin rike historiske og kulturelle arv. Desto verre vert det opplevd at landet no er inne i ei djup politisk, religiøs og moralisk krise. Det siste året har det vore to statskupp, og folk flest har lite tillit til politikarar og politiske institusjonar. Korruption har breidd om seg. Militante islamistar vinn gradvis terregn. Nokre stadar har det vorte oppretta etnisk baserte

sjølvforsvarsmilitsar som står bak alvorlege overgrep. Våpen vert nytta til å løysa gamle konfliktar. Midt i denne situasjonen prøver dei fleste maliarar så godt dei kan å skapa eit liv og ei framtid for seg sjøve og familiene sine.

Kristne frå fulani-folket er i ein spesielt vanskeleg situasjon. Sidan dei fleste militante islamistar er fulaniar, vert kristne fulaniar sett på med mistenkjamheit av andre. Som kristne risikerer dei også å vera eit mål for dei militante islamistane. Fleire av dei kristne har opplevd trugsalar og farlege situasjonar. Dei kristne i Mali bed folk i Noreg om forbøn, og er takksame for alle som er med å be både for dei og for situasjonen i landet.

Midt i denne vanskelege situasjonen heldt misjonsarbeidet som Austrheim kyrkjelyd er med å støtta fram. Me støttar små og svake kristne kyrkjelydar, og gjev opplæring i kristen tru til dei som ønskjer det. Misjonen sitt bistandsprosjekt som jobbar mot omskjering av jenter heldt fram arbeidet i utvalde område der dei militante islamistane ikkje har kontroll. Ved fleire høve har misjonen også gjeve krisehjelp til interne flyktingar.

Dei som er interesserte kan lesa meir om misjonsarbeidet på www.nms.no/land/mali.

Utegudsteneste Årvikane



Tradisjonen tru så hadde me utegudsteneste i Årvikane. Eigentleg skulle det vere siste arrangement i Fonnesdagane, men grunna korona vart det den einaste.

Tusen takk til Fonnes bygdelag som laga fint til med stolar, telt og lydanlegg.

Det er veldig kjekt å ha dette flotte samarbeidet. Sjølv om det kom regn var me ein god gjeng samla for å feire gudsteneste i lag.

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 12. sept kl 11:00 Formiddagsmøte,
Søndag 26. sept kl 11:00 Formiddagsmøte,
Søndag 17. okt kl 11:00 Formiddagsmøte,
Søndag 31. okt kl 11:00 Formiddagsmøte,

Reidun Skurtveit talar.
Ole Corneliusen talar.
Asle Hetlebakke talar.
Odd Sverre Hove talar.

VING 4-10 ÅR startar opp igjen torsdag 2. september 17:00 - 18:00 samling annankvar veke.

KJELLAREN 5-7 KL startar torsdag 2. sept kl 18:00 og har samling annankvar veke.

XL 8 KL og oppover startar onsdag 25. august og har samling annankvar

Følg med på facebook eller nettsida for evt endring til digitalt møte av smittevern omsyn. Google Meet vert brukt til digitale møte. Brukarrettleiing finn du på vår nettside.

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

